



## Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:  
25/186-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.06.2025

### Svar – offentlig ettersyn av forslag til planprogram og hovudutfordringar – Vassforvaltningsplan for Vestland 2028–2033

Vi viser til brev datert 02.01.2025

Statens vegvesen har vore involvert og hatt moglegheit til å kome med innspel under utarbeiding av høyringsdokumenta.

#### Om Statens vegvesen si rolle i vassforvaltninga

Statens vegvesen driv aktiv oppbygging av kunnskap og miljødata for vår påverknad på vasskvalitet og vassførekomstar. Vi har innflytelse på korleis andre påverkar vatn gjennom utøving av vårt samfunnsoppdrag i tre roller; som fagorgan, byggherre og mynde.

Statens vegvesens rolle inkluderer utbygging av ny veg, og drift og vedlikehald av eksisterande veg. I desse rollane må vi ha oversikt over, og risikovurdere påverknad på vatn frå salting, kjemikaliebruk, forureining frå vegtrafikk, anleggsverksemd, arealbruk, terreng-inngrep, kartlegging av framande artar og anna. For å skaffe slik kunnskap driv vi aktiv kartlegging av arter, inkludert framande arter, raudlista artar og naturtypar. Vidare overvaker vi vassførekomstar som resipientar til våre aktivitetar både i utbyggingsprosjekta og i driftsfasen.

#### Planprogrammet

Det er i planprogrammet stilt ein del spørsmål som Vestland vassregion særleg ønskjer svar på gjennom høyringa. Statens vegvesen har innspel til følgjande spørsmål:

- Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i arbeidet?

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

- Statens vegvesen fekk frå 1.1.2020 ny organisasjonsmodell, og tidlegare organisering med sams vegadministrasjon saman med fylkeskommunen vart avvikla. Vi påverkar, eller har påverka på, korleis andre påverkar vatn, gjennom utøving av samfunnsoppdraget vårt. Statens vegvesen fokuserer på vassførekomstar langs det vegnettet vi har eigarskap til, som er europa- og riksvegnettet. Unntaket er strekningar som blir bygde ut eller er bygd ut av Nye veier AS. Statens vegvesen deltek gjennom sitt sektoransvar i vassregionutvalet til vassregionen.

Det er også i dokumentet «Hovedutfordringer for Vestland vassregion» lista opp nokre spørsmål som vassregionen særleg ønskjer svar på. Statens vegvesen har innspel til følgjande spørsmål:

- Er miljøtilstand og påverknader rett skildra? Finns det data hjå sektorstyresmakter eller lokal / erfaringsbasert kunnskap som kan bidra til ei endå betre skildring?
  - Vegvesenet vil gjennomføre gjennomgang av vegrelaterte påverknader langs den delen av europa- og riksvegnettet som vi har ansvar for. Vi vil gi innspel til Statsforvaltaren som miljøfagleg ansvarleg i vassforskriftsarbeidet.
  - Statens vegvesen har, og vil framleis ha, ambisjon om at relevante data frå prøvetakingar og overvåkingsprogram skal lesast inn og tilgjengeleggjerast gjennom [Vannmiljø](#). Vi overvaker vassførekomstar som resipientar til aktivitetane våre både i utbyggingsprosjekta og i driftsfasen. For å undersøkje påverknad på vassdrag frå salting, gjennomfører vi innsjøundersøkingar. I 2025 skal forureining frå vegsalt i utvalde innsjøar i Rogaland og Vestland vassregionar bli undersøkte.
  - Vegvesenet vil i det vidare arbeidet legge vekt på Regjeringas nye nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatera dei regionale vassforvaltningsplanane. Vi vil jobba for å etablera ny og forbetra kunnskap knytt til mellom anna vandringshinder for fisk og andre vasslevande organismar, spreining av mikroplast og moglege reinseløysingar. Vi har nyleg utvikla eit verktøy med digital kartløyning for kartlegging av vandringshinder, for alle veigeigarar. Informasjon er delt på vassportalen: [Ny kartløyning som viser vandringshinder for fisk](#)

Statens vegvesen ser fram til å delta i det vidare arbeidet med oppdateringa og justeringa av regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for Vestland vassregion.

#### **Andre innspel**

- Vi har jobba aktivt med å gjennomføre tiltak ført opp i tiltaksprogrammet til gjeldande regional vassforvaltningsplan og der Statens vegvesen er ført opp med ansvar for gjennomføring. Dei fleste av tiltaka er av type "Forbedring av kunnskapsgrunnlag", men også reinsing av tunnelvaskevatt og vandringshinder. Som svar på forbetring av kunnskapsgrunnlaget vil det i 2025 bli gjennomført undersøking av kjemisk tilstand i vegnære innsjøar, saman med Rogaland. Rapport vil vere klar ved årskiftet -25 / -26.

- Vi har starta opp arbeid med gjennomgang av moglege vandringshinder, og sommaren 2025 vil det bli gjennomført synfaringar for å kartlegge moglege vandringshinder langs europa- og riksvegnettet. Data frå synfaringane vil bli lagt inn i vår nye kartløyising for kartlegging av vandringshinder.
- Som del av vår verksemd, både ved utbygging av nye vegar og ved drift og vedlikehald av eksisterande vegar, kan Statens vegvesen få behov for deponering av massar i og ved sjø og vassdrag. Regional plan for vassforvaltning bør omtale denne problemstillinga og korleis ein bør planlegge og gjennomføre naudsynte tiltak utan at det i vesentleg grad går ut over miljøkvalitetane i vatn og vassdrag.
- På riksvegnettet blir dei store prosjekta prioriterte gjennom Nasjonal transportplan. Mindre prosjekt og målretta trafikktryggleikstiltak på riksvegnettet blir prioritert i arbeidet med gjennomføringsplanen til Statens vegvesen.

### Konklusjon

Vi har hatt eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune og regional vasskoordinator for vurdering av og gjennomføring av tiltak. Vi ønskjer lukke til med planarbeidet og ser fram til vidare godt samarbeid.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER